

PROTOKOLL
Forhandlingsutvalet

Møte: 05/2015
Tid: Torsdag 5. november kl. 13.00 – 16.00
Stad: Strilatun

Til stades:

Kommune	Ordfører	Varaordfører	Politikar	Rådmann
Fedje	Stian Herøy	Roy Asle Tunland	Kristin Handeland	Vidar Bråthen
Gulen		Odd Harald Eide	Ivar Eide	
Lindås	Astrid Aarhus Byrknes	Nina Bognøy	Bjarte Vatnøy	Ørjan Raknes Forthun
Masfjorden	Karstein Totland - Møteleiar	Torill Torsvik Størkersen	Egil Kvingedal	Svein Helge Hofslundsengen
Modalen	Tom Kristian Thorsen	Kristin Nåmdal		Øivind Olsnes
Solund	Gunn Åmdal Mongstad	Tom Færøy	Svein Utvær (vara for Vigdis Ravnøy)	
Tillitsvalde:	Jarle Næss – Utdanningsforbundet, Liv Berit Haukås – Fagforbundet			
NUI:	Bent Gunnar Næss - prosjektleiar, Rune Heradstveit – dagleg leiar			
Fylkesmannen	Ole Bakkebø			
KS Hordaland	Victor Ebbesvik			

Sak 30/15	<p>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</p> <p>Nestleiar i forhandlingsutvalet Karstein Totland foreslo at etter sak 35 tok inn ei ny sak som omhandla status for forhandlingsutvalet. Deretter må ein sjå på grunnlaget for å gå vidare på sakslista.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Møteinnkalling og saksliste vart godkjent med forslaget frå Karstein Totland som forskyv dei andre sakene på lista.</p>
Sak 31/15	<p>Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte</p> <p>Karstein Totland gjekk kort gjennom møteprotokollen frå sist møte.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Møteprotokollen frå møte 24.08.15 – møte nr. 4 vart godkjent utan merknad.</p>

Sak 32/15	<p>Innbyggerundersøkinga Prosjektleiari hadde ein kort oppsummering av innbyggerundersøkinga.</p>
Sak 33/15	<p>Orientering om</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samlinga med ungdommen regionen 21.10.15 – sendt ut eit oppsummeringsnotat - Samlinga med næringslivet – frukostmøte 28.10.15 – sendt ut eit oppsummeringsnotat <p>Nestleiar i arbeidsutvalet Karstein Totland og prosjektleiari hadde ein kort gjennomgang av kva som kom fram i møta. Det var gitt gode tilbakemeldingar frå dei som hadde vore på ungdomssamlinga. Forsamlinga gav også positiv respons på ungdommen sitt ønskje om å få til årlege slike samlingar for ungdommen med ulike tema.</p>
Sak 34/15	<p>Brev frå kommunalminister – Jan Tore Sanner Kommunalministeren hadde sendt ut eit brev til alle kommunane i landet og presisert nokon viktige ting om kommunereforma, mellom anna at tidsplan ligger fast. Det som kan synes å vere det viktigaste i brevet var følgjande:</p> <p><i>«Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil i løpet av året sende ut et høringsforslag om nytt inntektssystem for kommunene. I dette arbeidet vil regjeringen legge vekt på at kommunene skal kunne videreutvikle velferdstilbudet i tråd med befolkningsendringene. Et nytt inntektssystem må fortsatt ta hensyn til at Norge har spredt bosetting. Regjeringen vil imidlertid vurdere endringer som innebærer at inntektssystemet ikke i samme grad som i dag kompenserer for at små kommuner frivillig velger å stå alene. Nytt inntektssystem vil tre i kraft fra 2017.</i></p> <p><i>Vi er opptatt av at å gi kommune forutsigbarhet i kommunereformen. Derfor beregnes inndelingstilskuddet ut fra inntektssystemet i 2016 for alle kommuner som blir slått sammen i reformperioden. Endringer i inntektssystemet i perioden 2017-2019 vil med andre ord ikke påvirke størrelsen på inndelingstilskuddet for disse kommunene.»</i></p> <p>Prosjektleiari hadde med bakgrunn i eit notat frå KS og Telemarksforsking sett på kva hovudendringar som kan vere aktuelle i inntektssystemet og korleis det kan slå ut for kommunane i Nordhordland.</p>
Sak 35/15	<p>Status for forhandlingsutvalet Status for forhandlingsutvalet er no at følgjande kommunar har trekt seg frå forhandlingane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Meland – vedtak kommunestyret - sak 47/15 – 17.06.15 • Radøy- vedtak kommunestyret - sak 41/15 – 24.09.15 • Austrheim – vedtak kommunestyret - sak 100/15 – 28.10.15 (har ikkje fått protokollen ennå - men e-post frå ordførar bekreftar at dei er ute av forhandlingane) <p>Parallelt med den store forhandlinga er det to andre forhandlingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lindås, Meland og Radøy • Masfjorden, Gulen og Solund <p>Meland og Radøy har i sitt kommunestyrevedtak at dei inviterer andre kommunar til å delta i forhandlingane som er mellom dei og Lindås. Austrheim sitt vedtak inneheld fleire ulike alternativ.</p> <p>Forhandlingsutvalet diskuterte den oppståtte situasjonen og der var ein samd om følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prosessen bør fortsette og det vart vist til det utgreiingsoppdraget som Stortinget og Regjeringa har gitt oss. Det oppdraget må vi fullføre. • Lindås var klare på at dei ønskjer eit størst mogeleg alternativ og at det er det som har hovudprioritet. • Forhandlingsutvalet oppfatar at dei kommunane som har trekt seg frå prosessen synest å vere open for å slå seg saman med fleire andre kommunar enn dei som inngår i direkte forhandlingane dei no deltek i.

	<ul style="list-style-type: none"> • Invitere dei kommunane som har trekt seg frå prosessen til å delta igjen • Regionrådet må også orienterast om forhandlingsutvalet sin konklusjon <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet vedtok å fortsette prosessen med å sjå på Nordhordland som ein kommune. Dei kommunane som har meldt seg ut, vert invitert til å delta som fullverdige medlem, eventuelt som observatør i forhandlingsutvalet.</p>
Sak 36/15	<p>Kva mål og visjonar har de for ein ny kommune i Nordhordland - vidare arbeid med intensjonsavtalen</p> <p>Saka vert tatt opp igjen på neste møte.</p>
Sak 37/15	<p>Val av eit nytt arbeidsutval</p> <p>På grunn av at Radøy hadde meldt seg ut måtte det veljast eit nytt arbeidsutval.</p> <p>Vedtak: Følgjande arbeidsutval vart valt for resten av prosjektperioden:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Leiar - Karstein Totland • Nestleiar – Nina Bognøy <ul style="list-style-type: none"> • I tillegg er prosjektleiar Bent Gunnar Næss med i arbeidsutvalet
Sak 38/15	<p>Oppsummering og tema på neste møte.</p> <p>Arbeidsutvalet fikk i oppdrag til neste møte å jobbe vidare med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide eit forslag til ein detaljert tidsplan for resten av prosjektet. • Prosessen for vidare arbeid – felles forståing og oppgåveløysing • Kommunikasjonsplan • Intensjonsavtalen <p>Det var også eit ønskje om at det vart laga ein enkel og lettfatta oversikt på nettsida om kommunereforma i Nordhordland.</p> <p>Neste møte vart bestemt til måndag 7. desember kl. 11.00 – 15.00 – på Strilatun</p>

Strilatun, 5. november 2015

Karstein Totland
Nestleiar i forhandlingsutvalet
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss
Prosjektleiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS